

Tipsark: Korleis jobbe med klima i lokallag og kommunestyre / fylkesting?

Kort bakgrunn

Dei øydeleggande klimaendringane er i gang. Også i Noreg opplever vi meir ekstremver. Etter ein sommar med ekstrem tørke, auser regnet ned og skaper flaumar og ras. Vi kjenner på kroppen kor sårbare vi er for følgjene, både når det gjeld matproduksjon, vassforsyning, kraftproduksjon og infrastruktur. Og dette er berre starten. Klimatoppmøtet i Paris gav verda klar beskjed: Vi må kutte utsleppa våre no for å kjempe mot enno meir dramatiske klimaendringar. Det er dei rike landa som forureinar mest, medan dei fattige landa blir hardast råka av klimaendringane.

Sjølv om norske utslepp no går noko ned, er eitt av verkemidla regjeringa har teke i bruk regnskogsøydeleggande palmeolje. Nedgangen er heller ikkje stor nok til at Noreg kjem til å nå Stortingets klimamål for 2020, og innan få tiår må alle fossile utslepp i praksis vere borte. SV foreslår difor nye tiltak for å kutte utsleppa fram mot 2020, og vi ønskjer å halvere utsleppa fram mot 2030. Innan 2040 skal Norge være fritt for fossile utslepp. Alle utslepp skjer ein stad, dei skjer i eit lokalsamfunn. Difor må SV, i tillegg til det viktige arbeidet på Stortinget, vere pådrivarar for klimahandling i kvar einaste kommune, fylkeskommune og lokalsamfunn.

Kva meiner SV?

SV har mykje god politikk når det gjeld klima. Her finn du lenker til nokre viktige nettsider:

SV fra A til Å:

[Klimakutt](#)
[El-bil](#)
[Fornybar energi](#)
[Grøn omstilling](#)
[Jernbane](#)
[Kollektivtrafikk](#)
[Luftforureining](#)
[Miljøvennlig transport](#)
[Olje og gass](#)
[Oliefrie Mørebankar](#)
[Oliefritt Lofoten, Vesterålen og Senja](#)
[Sykkel](#)

Sjekk også hva som står i [arbeidsprogrammet](#) om klima og miljø.

Kva kan ein gjere i lokallag og kommunestyre/ fylkesting for å vise at SV er partiet for dei som ikkje vil ha meir prat, men er opptekne av klimahandling?

Påverke nasjonal politikk - synleggjere kva SV gjer på Stortinget

Gjennom interpellasjoner, grunngjevne spørsmål og framlegg til fråseigner kan ein få med kommunestyret/ fylkestinget på å sende signal til Storting og Regjering med krav om strengare politikk når det gjeld klima – lett å få gode oppslag i lokalavisa på dette!

Påverke kommunal politikk - det kommunen/fylkeskommunen har ansvar for

Klimakutt krev handling på mange område. Overordna tema vert i stor grad avgjort i Stortinget. Men også fylkeskommune og kommune kan, innanfor dei rammene stortinget set, påverke regional og lokal samferdsle, energi-, avfalls-, forbruks-, areal-, nærings- og landbrukspolitikk. I tillegg kan ein legge til rette for/ inspirere innbyggjarane til klimahandling. Rolla kommunane kan ta i klimaarbeidet er diskutert i [KS-rapporten «Kortreist kvalitet»](#).

Her er nokre tips til klimaarbeid i kommunestyre og fylkesting:

- I område med konfliktfylte oljeleitingsområde må ein sjølvsagt fronte motstand. Ei kan td henge seg på den årlege vardebrenninga til Folkeaksjonen mot LoVeSe, slik Volda SV gjorde her: <https://www.smp.no/nyheter/article7154471.ece>
 - Her er det fint om ein kan peike på grøne næringar (fisk, miljøteknologi, reiseliv...) gjennom bedriftsbesøk, utdeling av SV-solsikker, temamøte om grøn næring, Grøn næringsskonferanse, slik Møre og Romsdal SV og Sogn og Fjordane SV har gjort: <https://www.sv.no/naeringskonferanse/>; Molde 2014; <https://www.sv.no/more-og-romsdal/2017/04/03/vellukka-sv-konferanse-om-gron-naeringspolitikk-i-helga/> (Sandane 2017).
- Tips til foredragshaldarar: Torgeir Knag Fylkesnes, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski og Alf Holmelid
- Foreslå at kommunale/fylkeskommunale fond ikkje skal investerast i fossil energi
 - Foreslå at kommunen innfører ein aktiv grøn innkjøpspolitikk
 - Grave fram dei lokale energi- og klimaplanane som ofte ligg gjymde i ein skuff. Gå gjennom handlingsplanen, og blinke ut nokre viktige tiltak SV kan løfte fram i valkampen; gjerne tiltak som er lette å konkretisere / synleggjere (sjå idear under)
 - Foreslå at det vert laga årlege klimabudsjett (dette vert no gjort i Oslo og Trondheim)

Energibruk og energiproduksjon

Enøk er eit viktig klimatiltak . Den reinaste energien er den som ikkje blir brukt! Teknologien er kjend, og tiltaka vil ha umiddelbar effekt.

- Ta initiativ til enøktiltak i kommunale bygg, og vere pådrivar for enøk i andre bygg
- Foreslå energileiing, energistyring, energispareavtalar, miljøsertifisering/ miljøfyrtårn
- Sikre at alle oljefyringsanlegg i kommunen vert fasa ut, og at gamle oljetankar vert gravne opp på ein trygg måte i tide til innføring av oljefyringsforbodet i 2020
- Fase ut oppvarming også med fossil gass og direkteverkande el, og ta initiativ til utbygging av nye fornybare energikjelder som fjernvarme frå avfall, jordvarme, fjordvarme etc
- Foreslå montering av solceller/ solfangarar på kommunale bygg

- Forhandle med private utbyggjarar av bustader og næringsbygg om å bygge miljøvenlege bygg som føredømeprosjekt etter inspirasjon frå Futurebuiltⁱ⁾
- Stille ambisiøse miljøkrav til utvikling av tomter som kommunen eig sjølv. Slike prosjekt skal vere føredømeprosjekt som oppnår krava til Futurebuilt om 50 % reduksjon av klimagassutslepp frå byggeprosjekt
- Lage ein plan for bygningsmassen i kommunen, og avgjere kva prosjekt som vil eigne seg som føredømeprosjekt på energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse. Prosjekta bør då strekkje seg mot ein ambisjon om passivhus (NS 3700 og 3701).
- Innføre / skjerpe inn energileiing for drift av kommunale bygg, og setje eigne energisparemål for bygningsmassen.ⁱⁱ⁾
- Stille krav om fossilfrie anleggslassar i byggeprosjekt
- Vere vaktbikkje for at produksjon av fornybar energi ikkje går ut over naturmangfald. Her kan ein alliere seg med Naturvernforbundet, td i vasskraftutbyggingssaker

Transport og arealplanlegging

Transport er ein av sektorane som slepper ut mest klimagassar . Lokalt kan vi arbeide for redusert bil- og flytrafikk gjennom god planlegging, tilrettelegging for gange og sykkel, betre kollektivtilbod, betre togtilbod og ein lågutslepps bil-, buss-, ferje- og båtpark. Her kan ein lage mykje god lokal valkamp, alt etter kvar ein bur!

- Drive arealplanlegging som reduserer transportbehovet. Plassere offentlege institusjonar og handel i sentrum, framfor kjøpesenter- og bilbasert utvikling av tettstader. God sentrumsutvikling gjer kvardagen enklare og trivelegare for folk, og gjer det lettare å bygge ut eit effektivt kollektivsystem og samkjøring. Planlegge nye bustadområde i område som kan knytast til sentrum med kollektiv, sykkel eller gange.
- Morganaksjon ved kollektiv-knutepunkt for å synleggjere mulegheita for «parker og ta tog eller buss»
- Foreslå 0-utsleppskøyretøy i eigen organisasjon
- Foreslå at kommunale tenestereiser så langt råd er skal vere kollektive
- Foreslå bruk av digitale møte – kommunen sparer klimautslepp, tid og pengar!
- Kreve konsekvensutgreiing mtp klima ved alle nye vegprosjekt
- Foreslå utbygging av samanhengande og todelt gang- og sykkelvegnett, særleg langs skulevegar. Aksjonar, særleg rundt skulestart, der ein viser manglande fotgjengarfelt, vektlegg folkehelseperspektivet, osb. Ta initiativ til rullering av trafikktryggingsplanen og til å sökje midlar utanfrå
- Arbeide for redusert fartsgrense langs skulevegane og bilfrie soner rundt skular og barnehagar
- Ja til meir bilfritt byliv og tryggare trafikk for born – stenge konkrete gater for gjennomkjøring. Gje bilen mindre plass og i staden prioritere fotgjengrarar, syklistar, og opparbeide gode offentlege areal som leikeplassar og parkar.
- Jobbe for bisykkelordning i kommunen (dette har dei fått til sjølv i vesle Levanger!)
- Arbeide for å gjere det enklare og billegare å ta med sykkelen på bussen
- Arbeide for betre og billegare kollektivtilbod, både i byane og i distriktet. Sjå td kva som har skjedd i Hordaland, med sterk reduksjon av soner, enklare, og billegare pris for pendlarane <https://www.nrk.no/hordaland/onsdag-kjem-kollektivrevolusjonen-til-hordaland-1.14146539>

- Arbeide for Innlandskortet i alle fylke, slik dei har i Oppland og Hedmark
<https://www.hedmark-trafikk.no/Billetter-og-priser/Innlandskortet>
- Ta initiativ til bygging av gode venterom og busskur (lage aksjon der ein møblerer eit busskur og inviterer pressa på besøk)
- Vere pådrivar for at kommunen søker midlar frå belønningsordninga for betre kollektivtransport/ bymiljøavtalar/ byvekstavtalar
- Foreslå restriksjonar på bilbruk gjennom rushtidsavgift/ køprising i byane og strengare parkeringspolitikk
- Etablere god infrastruktur og god merking av ladepunkt for elbil, inkl. hurtigladalar
- Stille krav om høg del ladeplassar for elbil ved alle parkeringsanlegg
- Nye bygg skal ha tekniske anlegg som gjer lading av elbilar mogleg (td burettslag)
- Arbeide for at kollektivtransport og taxinæring er utsleppsfree – arbeide for krav om dette i offentlege anbod
- Kollektivtrafikken skal vere utsleppsfree. Det offentlege må stille krav om dette i anboda.
- Arbeide for at nullutsleppskøyretøy framleis skal ha maks halv pris i høve til fossibilar på parkering, bomringar og ferjer
- I distrikts-Noreg høyrer eit betre og grønare ferje-og båttilbod med til kollektivtilboden , inkludert landstraum i hamnene
- Der det ikkje løner seg med faste bussruter, kan vi jobbe for bestillingsdrosjer
- Vere pådrivarar for betre togtilbod/ Intercity-utbygginga, og vaktbikkjer for at nye spor vert bygde med 250/300 km/t som fartsstandard

Landbruk

- Arbeide for at kommunen har god kompetanse på klimatiltak i landbruket
- Arbeide knallhardt for jordvern mtp framtidig matproduksjon
- Arbeide for berekraftig skogsdrift som bind CO₂
- Vurdere å bygge nye kommunal bygg i tre med tanke på karbonbinding
- Foreslå kriterie for søknad om SMIL-midlar som er i tråd med klimamåla
- Vere strenge på dispensasjon for gjødselspreiing

Kast ut palmeolje

De siste årene har bruken av palmeolje i biodrivstoff i Norge eksplodert. Det fører til ødeleggelse av regnskog og økte klimagassutslipp andre steder på kloden. I Hordaland har SV fått gjennomslag for å fase ut bruk av fossilt drivstoff i offentlige anbud, og et krav om at dette ikke skal erstattes av palmeolje. Lignende vedtak kan gjøres andre steder også. Her er vedtaket til Hordaland fylkeskommune:

«Fossilt drivstoff skal bytast ut med fossilfritt drivstoff innanfor eksisterande kontraktar, for å følgje opp Stortingets mål om tilnærma utsleppsfree kollektivtrafikk i 2025. Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).»

Avfallsbehandling/ forbruk/ sirkulærøkonomi

- Legge til rette for god avfallssortering, gjenvinning og gjenbruk
Arrangere klebytedag, garasjesal etc? Samarbeide med Natur og ungdom?
- Legge til rette for redusert forbruk, td i form av kommunale gjenbruksverkstader i samarbeid med NAV/ arbeidsmarknadsbedrifter? Arrangere Gjenbruksverkstad? Gjenbruksfestival?
- Ta initiativ til kommunale handlingsplanar mot plastforsøpling (sjå eige temaark)
- Meir vegetarmat i offentlege kantiner, og på skular om kommunen har skulemat

Førebygge følgjene av klimaendringar

- Vere vaktbikkje mot arealendringar som reduserer naturens eiga førebyggande evne, t.d. hindre at myrområde vert endra til utbygging/industri
- Ta initiativ til planar for korleis vi kan førebu oss på meir ekstremver, takle flaum, ekstremnedbør og tørke. Syste for at kommunen skal kunne takle store nedbørs-mengder utan omfattande materielle skader eller forureining
- Foreslå merking av byggegrenser mot flaum
- Avløpssystemet må rustast opp og tilpassast, og vassdrag og bekkar opnast att for å naturleg leie vatn og sikre miljøet langs vassdraga.
- Foreslå etablering av nye vasspegl og fordrøyningssoner
- Foreslå bruk av grøne tak

Stimulere forbrukarmakta – kva den enkelte kan gjere

Som politikarar kan vi også til å bevisstgjere folk, og peike på korleis dei sjølve kan bidra. SV skal vere dei som set temaet på dagsordenen lokalt!

- Motivere innbyggjarane gjennom haldningskampanjar, tilrettelegging, informasjon (td Grønt hjørne på Rådhuset eller Biblioteket?)
- Inviter til ope møte om klima med kunnskapsrik innleiar
- Be folk «Seie frå til SV» om korleis vi kan legge til rette for klimavenleg handling
- Setje i gang gå/sykle til jobben-kampanjar
- Motivere skuleelevar gjennom enøkkonkurranse mellom klassar/ skular
- Invitere til klimakviss
- Dele ut klimapris/ klimasolsikke til nokon som fortener det- med pressa på slep
- 5 om dagen - 5 klimavenlege tiltak ein kan gjere kvar dag, og inspirere folk rundt til å gjere det same!
- Invitere handelsstanden til fellesaksjon for klima – t.d. ved å redusere bruken av plastposar, mindre matkasting–få med profilerte personar som frontfigurar.
- Engasjere ungdomsråd, elevråd, elevbedrifter i klimakampen

Tipse om kva DU kan gjere (frå Naturvernforbundet)

- 1. Fly mindre - opplev mer!**
- 2. Kutt bilreiser - få bedre helse!**
- 3. Energismart bolig**
- 4. Leie heller enn å eie**
- 5. Ta vare på det du har**
- 6. Gjenbruk**
- 7. Bruk matvett**
- 8. Stem på grønne politikere**

ⁱ Kommunen har ikkje generelt høve til å stille strengare krav til private utbyggjarar enn det nasjonal lovgjeving gjer, gjennom teknisk forskrift. Etter siste revisjon av teknisk forskrift byrjar likevel krava til nye bygg å kome opp på eit ganske bra nivå med tanke på miljø. Det er likevel alltid råd å bli enno betre, og kommunen har nokre forhandlingskort som dei kan bruke for å få private utbggarar til å strekke seg og bygge bygg som er føredømeprosjekt. I behandling av byggesøknader kan kommunen gjennom forhandling med utbyggar bli samde om strengare krav enn det som er i teknisk forskrift. Ved å tillate til dømes færre parkerings- plassar, høgre utnyttingsgrad på tomta eller fleire høgder, kan ein få utbyggjarar til å forplikte seg til å bygge i samsvar med til dømes Futurebuilt's krav til føredømeprosjekt. Kva krav ein ønskjer å forhandle med frå kommunen si side, må ein vurdere i kvart tilfelle, men hugs at for ein utbyggar er til dømes lemping på krava om talet på parkeringsplassar økonomisk attraktivt, og difor eit godt verkemiddel. Les meir om Futurebuilt her; <https://www.futurebuilt.no/Om-oss>

ⁱⁱ Sidan nye byggekrav no byrjar bli ganske bra, ligg det største energisparepotensialet i eksisterande bygg